

NOTAT

OPPGÅVER OG FINANSIERING FOR DJUPHAVSAKTIVITETEN I 2004



Rett av isgalt

Foto: Hugo Oppdal

Møreforsking
Ålesund februar 2004

STATUS FOR UTVIKLINGSARBEIDET FOR DJUPHAVSARTAR

Handlingsplanen ”Utnyttelse av dyphavsarter i norsk fiskerinæring” skisserer konkrete mål for det norske utviklingsarbeidet og prosjektaktivitetar som må gjennomførast for å oppnå målsetningane i planen. Møreforsking har i samarbeid med ei styringsgruppe og representantar frå flåte- og eksportleddet utarbeida dette notatet som skisserer utviklingsoppgåver og finansieringsbehovet for djuphavsaktiviteten i 2004. Notatet skildrar kva FoU oppgåver som bør gjennomførast og kva finansieringsbehovet ein har for å nå dei prioriterte måla for djuphavsaktiviteten i 2004.

I perioden 2001-2003 var målsettinga i Handlingsplanen å fiske 6000 tonn (rundvekt) djuphavsartar i Nord-Atlantaren til ein verdi på 60 million kroner. I treårsperioden har det totalt blitt fiska 7552 tonn rund vekt djuphavsartar til ein verdi på vel 70 million kroner. Ein har altså oppnådd større fangstkvantum og verdiskaping frå djuphavsaktiviteten enn dei skisserte målsettingane.

Dei siste fem åra har den norske djuphavsaktiviteten fokusert på utvikling av fiske i Hatton bank området. Vellukka resultat frå SND sitt garantifiske, kombinert med resultata frå kommersielt fiske medførte at Hatton bank har vorte eit driftsalternativ. 2001 vart eit vendepunkt i utviklingsprosessen for djuphavsartar. Dette året vart det landa 3851 tonn (rund vekt) djuphavsartar til ein verdi på over 40 million kroner. Fangstane frå Hatton bank vart vesentlig lavare i 2002 og 2003. Den norske fangsten auka med 20 % frå 2002 til 2003. Omsetningssvikt i marknaden for blåkveite frå Hatton bank vinteren 2001, medførte at mange fartøy satt inne med mykje blåkveite på lager våren 2002. Dette var truleg utslagsgivande for at båtane ikkje ville delta på garantifiske. Fire linefartøy var heile eller delar av turen på Hatton bank både i 2002 og 2003. Nokre linebåtar har spesialisert seg på djuphavsfiske og fisket på Hatton bank har vorte eit driftsalternativ for desse båtane, i vår- og sommarhalvåret. Fleire andre farty har i tillegg fiska i andre djuphavsområde i internasjonalt farvatn. I 2002 avgjorde NEAFC at ein skulle fryse fangstinstnsatsen og innføre reguleringar for djuphavsartar. Det norske djuphavsfisket i 2001 har dermed danna grunnlag for framtidige norske fiskerettar. Djuphavsaktiviteten har dermed skapt grunnlag for større fiskerettar for norske fiskarar.

Til tross for lite landingar av djuphavsartar i 2002 har ein lykkast med å introdusere djuphavsartane i marknaden. Marknadsundersøkingar for djuphavsartar har vorte gjennomført i samarbeid med utvalde eksportørar over fleire år. Som ein følgje av dette er det etablert regulært sal av mange artar og produktvariantar. For fleire av artane er det no større etterspurnad enn landingar. I marknadsarbeidet i 2003 har ein mellom anna fokusert på innanlandsmarknaden for isgalt. Det er utarbeidd oppskriftshefte for isgalt og gjennomført kurs og vellukka kampanjar i butikkar både i Oslo- og Ålesundsområdet.

For å oppnå målsettingane i Handlingsplanen har styringsgruppa prioritert tverrfaglege prosjektaktivitetar langs heile verdikjeda. I 2003 er det derfor gjennomført mange prosjekt med ei stor fagleg breidde. Det norske djuphavsfisket er rapportert gjennom eit arbeidsdokument til ICES. Ein arbeider med optimalisering av fangstbehandling og kartlegging av råstoffeigenskapar til djuphavsartar. I løpet av 2004 vil ein ha utarbeidt handboka ”Dyphavsfisk – Håndbok for fiskere og eksportører”. Møreforsking er med som partner i EU-forskningsprogram SEAFOODplus som mellom anna fokuserer på undersøking av råstoffeigenskapar til djuphavsartar. Det har vist seg at biprodukt som lever

og indre organ til djuphavshai har spesielle komponentar som er interessante innan farmasøytsk industri. Kartleggingsarbeid og søk etter bioaktive komponentar i fleire artar er kome i gong.

PRIORITERTE FOU- OPPGÅVER I 2004

For å oppnå målsettingane i utviklingsarbeidet for djuphavssartane meiner styringsgruppa at ein har eit finansieringsbehov på 2,025 million kroner i 2004, 0,475 million frå næringa og 1,550 million frå offentlege kjelder. Nedanfor følgjer ei kort skildring av kva aktivitetar styringsgruppa ønskjer å prioritere.

Fiske

Kartlegging av aktuelle fiskefelt og ressursar, samt utvikling av kommersielt fiske har vore ei prioritert oppgåve for styringsgruppa. Etterkvart som det har utvikla seg eit norsk linefiske på Hatton bank meinte styringsgruppa at det var viktig å kartlegge fangstpotensialet lengre vestover, på den Midt-Atlantiske ryggen. Styringsgruppa har derfor arbeida aktivt med å få til eit linetokt på den Midt-Atlantiske ryggen i 2004, knytt til eit internasjonalt tokt med det norske forskingsfartyet G.O. Sars. Havforskningsinstituttet og Universitetet i Bergen skal koordinere MAR-ECO toktet. Dette prosjektet skal styrke kunnskapen om førekomst, utbreiing og økologi til dyr og dyresamfunn langs den midtatlantiske ryggen (MAR) frå Island til Azorene.

Havforskningsinstituttet har delegert ansvaret for eit eventuelt linetokt til Møreforsking. Under linetoktet skal ein kartlegge artssamansettning i ulike områder og djupneintervall, teste ut ulike reiskap og produsere artane som inngår i fangstane. Innan fangstbehandling vil ein rette spesielt fokus på bearbeiding av hai. Det er svært arbeidskrevjande å produsere hairyggjar. Det er eit mål å finne fram til innfrysingsmetodar som reduserer innfrysingstida, reduserer handteringa og som gir god kvalitet på produkta.

Eit linefarty i det internasjonale prosjektet MAR-ECO vil gi nytteeffekt for næringa, først og fremst gjennom kartlegging av nye potensielle fiskeområde for havfiskeflåten. Eit linetokt vil også vidareføre det strategiske djuphavssarbeidet innan reidsskapsteknologi, fangstbehandling og omsetting av djuphavssartar.

Oppfølging og formidling av resultat frå djuphavssarbeidet

For å få avrunde prosjektaktiviteten rundt djuphavssarbeidet er det viktig at den noverande styringsgruppa for djuphavssaktiviteten fortsetter sitt arbeid. Styringsgruppa har gjennom heile utviklingsperioden fungert som eit rådgjevingsorgan for finansieringskjeldene som skal støtte dei prioriterte utviklingsoppgåvene. I sluttfasa av utviklingsarbeidet skal styringsgruppa formidle informasjon til aktørar i næringa og forvaltning og ha ei koordinerande og proaktiv rolle i forhold til våre strategiske målsettingar. Informasjonsformidling om oppnådde resultat er ei sentral oppgåva i 2004. Prioriterte oppgåver i arbeidet er skissert nedanfor:

- Følgje opp arbeidet med linetoktet i tilknyting til MAR-ECO.
- Avvikle eit næringsseminar i løpet av hausten 2004 som presenterer resultat ein har oppnådd i djuphavssarbeidet i Handlingsplan perioden (2001-2004).

- Formidle resultat frå djuphavasarbeidet gjennom populærvitskaplege og vitskaplege artiklar (nasjonalt og til ICES).
- Lage ein kortfatta rapport over kva arbeid og resultat ein har oppnådd i det offentleg finansierte djuphavasarbeidet (2001-2004).
- Formidle resultat gjennom foredrag og deltaking på møter og seminar.
- Avhengig av tilbakemelding frå næringsaktøren frå flåte og industri vil ein utarbeide ein Handlingsplan for djuphavsaktiviteten for perioden 2004-2008.
- I samband med MAR-ECO linetoktet kan ein få fangstar av ”nye” djuhavssartar som ikkje tidlegare har vore inkludert i marknadsarbeidet. Spesielt i dei sørlege delane av ryggen vil ein få litt meir ”varmekjære” artar. Innsamling av marknadsinformasjon om desse artane kan bli aktuelt.
- For å kunne ivareta næringa sitt informasjonsbehov spesielt innan fiske, produkt- og marknadssida er det viktig at med ein god dialog med næringa. For å forhindre at kunnskapen ikkje skal gå tapt, er det viktig at informasjonsformidlinga fortsetter også etter planperioden.

AKTIVITET OG FINANSIERINGSPLAN

(I 1000 kr)

Aktivitetar	FHF ¹	Fondet for fiskeleiting og forsøk	Sunnmøre og Romsdal Fiske- salsgslag	R. Fylkes- kommune	Møre og Fiskebåt- redernes- Forbund	Finstoil ²	Totalt
Fiske							
MAR-ECO Linetokt ³	500	500	75	50	50	350	1525
Oppfølging/formidling resultat							
Informasjonsformidling							
- Planlegging/organisering	25					25	
- Rapportering (nasjonalt/ICES)	100					100	
- Næringsseminar/work shop	100					100	
- Informasjon til flåte/ind.	125					125	
Oppfølging marknadsarbeid							
- Planlegging/organisering	25					25	
- Møte flåte og bedrifter	25					25	
- Oppfølging i marknaden	100					100	
Totalt	1000	500	75	50	50	350	2025

¹ Søknad om omdisponering av midlar frå 2003 er sendt til FHF , men er foreløpig ikkje handsama.

² Støtta omfattar 150 tonn bunkers og smørolje.

³ Linetoktet på den Midt-Atlantiske rygg er ikkje fullfinansiert, dette er finansiering pr. 24.02.04.